

Saksbehandlar: Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket  
Sak nr.: 17/3628-76

## Regional plan for kultur 2019-2027, Kultur for alle

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1.

### **Vedlegg:**

1. Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027
2. Oversikt over høyringsuttalar

### **Andre relevante dokument i saka:**

Høyringsuttalar e-sak 17/3628, uprenta vedlegg.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Utkast til regional plan for kultur 2019-2027 vart vedteke lagt ut på høyring i sak 56/18 i FU 31. mai i år. Høyringsfristen var 1. september.

Det har kome inn 22 uttalar til planen. To kommunar, Førde og Flora, har sendt uttale. Hornindal kommune har meldt at dei ikkje sender uttale etter som dei går ut av fylket frå 1. januar 2020. Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har gjennomgått og kommentert utkastet. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein omtale med tilråding, handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling og i FU i Hordaland. Institusjonar og organisasjonar har tilført synspunkt på faglege problemstillingar, vektlegging og form. Samla har vi fått inn mange verdifulle innspel. Sjå vedlegg to for oversikt over uttalar med stikkord om kva innspela har gått på.

Planutkastet er etter høyringa m.a. styrkt når det gjeld synleggjering av områda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, vekt på kulturell infrastruktur, behov for trening i kulturbruk, og kultur som faktor i reiselivssatsinga i fylket. Når det gjeld kulturelle kraftsenter, er det tydeleggjort at dei skal vise igjen nasjonalt og gjerne òg internasjonalt. Teksten er omarbeidd noko for å få betre samanheng mellom kraftsentera som er nemnde. I tillegg er det gjort ei rekkje mindre tilføyningar og presiseringar i dokumentet etter innspel frå høyringsinstansane. Ein del av dei innkomne innspela vil bli tekne med til utarbeiding av handlingsprogram og realisering av planen.

Som vedlegg til høyringsutkastet låg eit utkast til handlingsprogram 2019-2022 for vidare utfylling. Dette var ikkje eit fullstendig utkast, men meint som eit utgangspunkt for å få innspel også til konkrete tiltak som kan følgje opp ambisjonane i kulturplanen. Det er sett frist for innspel til handlingsprogrammet 1.10.18, og saka skal handsamast i FU i november og i FT i desember.

I samband med samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vil det bli starta opp arbeid med regional planstrategi for nye Vestland fylkeskommune. Dette kan påverke funksjonstida for kulturplanen. Også Hordaland sin plan har funksjonstid etter 2020, og det gir oss saman rom til å følgje opp med ein ny felles plan.

Planprosessen er gjennomført i eit aktivt samspel med partnarskapen, gjennom styringsgruppe, innspelsmøte, dialogmøte, fagsamlingar og seminar, samt høyring av planprogram og planutkast.

## **2. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre.